

Kommuneplanutvalet si innstilling til vedtak

Kommunestyret vil sikra ein open og god demokratisk prosess der alle vert behandla på likt grunnlag. Difor vert det lagt opp til ei ny høyring etter at den første høyringsperioden er gjennomført og merknadane er vurdert. Ny høyringsperiode vert planlagt gjennomført tidleg i 2027.

1. I samsvar med plan- og bygningslova § 11-14 vedtek kommunestyret å leggja framlegg til arealdelen til kommuneplanen for Øygarden kommune 2027-2039 på høyring og offentlig ettersyn i seks veker.

2. Høyringsperioden vert sett frå 1. oktober til 12. november 2026.

3. I samsvar med plan- og bygningslova § 11-17 vedtek kommunestyret høyring og offentlig ettersyn av oppheving av dei eksisterande kommuneplanane:

- Arealdelen til kommuneplanen for Fjell kommune (2015-2026)
- Arealdelen til kommuneplanen for Sund kommune (2010-2020)
- Arealdelen til kommuneplanen for Øygarden kommune (2014-2022)

4. Dei tre gamle kommuneplanane gjeld inntil ny plan er vedteken, jf. pbl § 11-6, første ledd.

5. I samsvar med plan- og bygningslova § 11-17 vedtek kommunestyret høyring og offentlig ettersyn av oppheving av følgjande kommunedelplanar:

- Kommunedelplan for Rongøy (2018)
- Kommunedelplan for Ågotnes (2013-2024)
- Kommunedelplan for Bildøyna/Sotra Kystby (2013-2024)
- Kommunedelplan for Skogsskiftet (2009-2021)
- Kommunedelplan for Rv 555 Kolltveit – Storavatnet (2012)
- Kommunedelplan for Fv 555 Kolltveit – Austefjorden (2009)
- Kommunedelplan for Fv 561 Kolltveit - Ågotnes (2009)
- Kommunedelplan for Straume (2005-2018)

6. I samsvar med plan- og bygningslova § 12-14 vedtek kommunestyret høyring og offentlig ettersyn av forslag til oppheving av reguleringsplanar, jf. vedlegg til saka.

7. I medhald av plan- og bygningslova § 1-5 vedtek kommunestyret at reguleringsplanar viste med detaljeringssone H910 skal gjelde framfor arealdelen til kommuneplanen ved eventuell motstrid.

8. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjera mindre justeringar fram mot høyring:

- Kvalitetssikring av tal i planskildring, oppdatering av arealrekneskap og språkvask av alle dokument.
- Gjera karttekniske endringar og ferdigstillast utteikning av faresoner og sikringssoner i plankartet.
- Endra føresegner for å retta særskilte krav mot reguleringsplanar.
- Endringsforslag om føresegner jf. skjema behandla i KPU 21.09.26 blir innarbeidd.

9. I høyringsperioden og fram mot høyring nr. 2 får administrasjonen i oppdrag å:

- Vurdera om det er fleire naustmiljø som kan opnast for flytebrygger i sjø.
- Gjennomgå bustader som ligg i LNF, og vurderer om fleire av desse skal leggjast til eit byggeformål for bustad eller LNF-spreidd.
- Vurdera om det er fleire i LNF-spreiddformål til bustad som har mista det spreiddbygde preget og bør leggjast som bustadformål.
- Tilpassa størrelse på LNF-spreiddformåla slik at vi kan unngå bruk av kvoter.
- Gjennomgå friområda i reguleringsplanar, og endra formål til overordna grønstruktur der det offentlege ikkje skal løysa inn privat eigedom.
- Gjennomgå plankartet slik at formål i den nye arealdelen vert teikna ut på lik måte, slik at plankartet vert einsarta, jf. døme på utteikning av fritidsbustadformål.
- Gjennomgå plankartet for å sjekka om utteikning av plankartet samsvarar med eigedom og/eller bygd situasjon, og rette opp i feil utteikning.
- Arbeida vidare med å samstemma kulturmiljøplanen opp i mot føresegnene og plankartet til arealdelen, og finn eit passande og forenkla nivå på føresegnene knytt til dette temaet.
- Arbeida vidare med å gjera rettleiaren Arkitektur og uterom meir kortfatta og presis.
- Arbeida vidare med fordeling av bustadreserven i kommunen, og ser den i samheng med forventa behov i dei ulike delane i kommunen.
- Endringsforslag om arealbruk i kommuneplan jf. skjema behandla i KPU 21.09.26 blir innarbeidd.